

JUL FØR OG NO: Med juletre i mastretoppen

25.12.2011



Stord i 2009 i Rosendal

Ja, juleminna er mange.

**Eg kan kanskje nemna eit minne med tilknytning til det maritime;
HSD-båtane med juletre i mastretoppen.**

Eg kan hugsa MS Eidfjord (bygd i 1935 og storesøstra til MS Granvin) som for om lag 50 år sidan gjekk i Kvinnheradruta. Det var eit syn då båten kom sigande inn til dampskipskaien i Beinavikjo eller Sanden, med det lysande treet i mastretoppen.

Eg vil tru at dei fleste HSD-båtane hadde denne tradisjonen. Og det må ha vore eit strev å få treet opp og festa det på ein skikkeleg måte. Det var nok båtmannstolen som vart nytta den gongen.

Og var treet tent under fart på fjorden. Det må vel ha blenda rormannen i styrehuset.

Kanskje det er uskedelingar som var mannskap om bord på den tida og kan fortelja meir om denne tradisjonen. Og kanskje det finnst bilete av «julebåtane» til HSD ?

Så det var ikkje berre Amerikabåten som kom til Bergen før jul som hadde denne tradisjonen.

Av Harald Sætre